



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 31.01.2018
Vår ref.: 2015/9427-2
Saksbehandlar: mattorg
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Ferjeavløysingsordninga - Førespurnad om førehandsavklaring og overslag på ferjeavløysingsmidlar for fastlandssamband til Huglo, Stord kommune

Vi viser til retningslinjer for ferjeavløysingsordninga fastsett av Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet 22.02.2016, revidert 10.11.2017. Kommunane Tysnes og Stord ønskjer å starte opp arbeid med reguleringsplan for fastlandssamband for Huglo. Sambandet er i dag ein del av trekantsambandet Jektevik – Hordnanes - Nord-Huglo.

Den øvrige delen av ferjesambandet skal etter planen bli erstatta av ny bru på E39 over Langenuen som ein del av prosjektet E39 Stord – Os (Hordfast). Denne førespurnaden gjeld likevel berre sambandet til og frå Nord-Huglo.

ÅDT for ferjesambandet til Nord-Huglo er (2016):

- Hodnanes – Nord-Huglo 8
- Jektevik - Nord-Huglo 69

Det er ein godkjend kommuneplan for fastlandssambandet frå september 2010, revidert i november 2012. Vegen er planlagt i vegklasse Hø1 med vegbredde 6,5 meter og tunnelklasse T5,5. I kommuneplanen er det lagt til grunn ein ÅDT på under 100. Det er ikkje gjort nærare trafikkutrekningar. Statens Vegvesen kalkulerte i 2015 kostnadene for sambandet til 500-650 mill kr (2015-prisar).

Kartet under viser dei utgreidde traseane. Tilrådd alternativ er A4-B1-B4-E-E3 og F2, altså vestleg trase over Skorpo.



I retningslinjene står det i kapittel 4.1 –Søknadsprosessen, at:

«Fylkeskommunen skal avklare om vegprosjektet kjem inn under ordninga før den utformar den endelege søknaden om ferjeavløysingsmidlar. Førespurnad om ei slik førehandsavklaring skal rettast til Samferdselsdepartementet.»

Hordaland fylkeskommune ber om at Samferdselsdepartementet kjem med førehandsavklaring for ferjeavløysingsmidlar for sambandet mellom Nord-Huglo og Jektevik/Hodnanes.

Vidare står det i retningslinjene, pkt. 4.2:

«I samband med førehandsavklaringa, må fylkeskommunen be Kommunal- og moderniseringsdepartementet om eit overslag på kor mykje prosjektet kan utløyse i årlege ferjeavløysingsmidlar. Overslaget tek utgangspunkt i inntektssystemet slik det er på det tidspunktet førehandsavklaringa blir gjeve, og omfattar brutto ferjeavløysingsmidlar fråtrekt auka drifts- og vedlikehaldskostnader på vegnettet. Det faktiske beløpet blir fastsett i samband med behandlinga av den endelege søknaden.»

Utrekninga av drifts- og vedlikeholdskostnaden som skal trekkast frå brutto ferjeavløysingsmidlane er basert på følgjande løysing for ferjeavløysingsrosjektet:

Vegtype/vegelement	Lengde i meter	Vegstandard	Brutype / tal på tunnellop
Veg i dagen	5 923	2 felt	
Veg på sjøfylling			
Bru	470		Fritt frembygg
Tunnel (landtunnel)	750	1 felt	1
Undersjøisk tunnel			
Sum ny veg	7 143	<i>Ikkje aktuelt</i>	<i>Ikkje aktuelt</i>

Då gjeldande plan er frå 2010, vil det vere behov for ei ny vurdering av kostnader og nærare vurdering av løysingar, særleg gjeld dette for kryssing med bru over Laukhamarsundet. Det kan vere aktuelt å vurdere endringar av traseen. Dette vil vere ein del av vidare planarbeidet.

De kan ta kontakt med Matti Torgersen, mobil 922 24 656 eller på epost matti.torgersen@hfk.no for ytterlegare informasjon.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Matti Torgersen

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Statens Vegvesen region vest
Tysnes kommune
Stord kommune